

MED fondet

Ein del av initiativet MED-Osterøy



Mål for MED-fondet

Måla for MED-fondet er å styrka læring om berekraft i skular og barnehagar på Osterøy, og å fremja eit tettare lokalsamfunn. Vi vil at born og unge er sjølve drivkrafta i utviklinga av eit meir berekraftig samfunn, saman med alle andre ostringar!

MED-fondet skal gi hjelp til å få i gang lokale berekrafts- eller samhaldsprosjekt. Vi definerer eit **lokalt berekraftprosjekt** som følgjer:

Eit prosjekt som oppmuntrar til samarbeid og kunnskapsdeling på tvers av generasjonar, for å verna og forbetra det lokale miljøet som vi alle deler.

Eit MED-fondsprosjekt er :

Prosjektet skal prøva å oppnå så mange av følgjande mål som mogleg - i alle fall 2 av dei første 4 krava må vera på plass og beskrivast i søknaden.

1. **Utvikla samarbeid og kommunikasjon på tvers av generasjonar og mellom ulike bygder og kulturar på Osterøy.**
2. **Inkludera ideane frå barn og unge i utviklinga av prosjektet.**
3. **Styrka kunnskapen til barn og unge om natur- og miljøspørsmål.**
4. **Fremja samhald i lokalsamfunnet der barn og unge er viktige aktørar.**
5. Redusera klimaavtrykket vårt.
6. Oppmuntra til tverrfagleg tenking og læring.
7. Utvikla samarbeid med lokalt næringsliv, lag og organisasjonar, samt mellom bygdene.
8. Ta i bruk tradisjonell lokal Osterøy-kunnskap.

Søknadsfrist

Søknad kan sendast inn frå 10. januar. Det er ingen søknadsfrist.

Tilskot skal innvilgast fortløpande. Finansiering vert delt ut fram til fondet er tomt. Om ikkje søknaden er fullstendig, så vert den sendt tilbake med tips om forbetring. Merk at pengane frå Osterøy hagelag er øyremerkta prosjekt som har med grønsakhagar, dyrking og natur å gjera.

Kven kan søkja?

Søknader kan sendast frå

1. Elevråd/Skular/Barnehagar på Osterøy (både offentlege og private).
2. Grendaråd/Helselag og andre organisasjonar og lag på Osterøy.
3. Enkeltpersonar eller grupper.

MED-fondet har utgangspunkt i oppvekstsektoren, men har som mål å styrka samhaldet i heile Osterøy-samfunnet. Derfor oppmodar vi lokale organisasjonar, bedrifter og andre kommunale sektorar til å koma i kontakt med sin lokale skule/barnehage/grendaråd dersom dei har ein god ide.

Innhaldet i søknaden:

Søknaden må innehalda følgjande punkt:

- Prosjektnamn.
- Skule/barnehage som er involvert (inkludert namn på klassar/grupper, talet på elevar og namn på læraren/ barnehagelæraren som tar ansvar for prosjektet).
- Lokale organisasjonar/verksemder/personar som er involvert (talet på barn og unge som er involvert).
- Prosjektskildring (referer til kva for nokre av fondsmåla prosjektet ditt vil sikta mot å oppnå)
- Varigheita for prosjektet (start -og sluttdatoar).
- Budsjett (klart oppsett av alle element som krev finansiering, ikkje berre eit samla beløp).

Kor mykje kan ein søka om?

Ein kan søkje om alt frå kr. 1 000 opp til maksimalt kr 10 000,-.

Vi kan finansiera direkte utgifter. Vi kan ikkje finansiera arbeidstid.

Korleis søka?

Send ein e-post (frå 10. januar) med vedlagte dokument til ivar.sandgren@osteroy.kommune.no.

Merk e-posten "Søknad MED-fondet".

Evalueringsprosedyre og behandlingstid

Alle søknader vert lest, evaluert og vurdert. Det kan ta inntil 3 veker før ein får svar.

Dersom det ikkje er finansiering igjen, så skal vi gi melding så fort som mogleg (både via websida og via e-post til dei som har søkt).

Rapportering

Søkjaren som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport (helst med bilete) om korleis tilskotet er blitt brukt, i tråd med tilsegn-brevet. MED-Osterøy vil gjerne nytte rapport og bileta til å lage omtale av prosjektet på nettsider / Facebook mm slik at andre kan bli inspirert og lære av det arbeidet som er gjort.

Ivar Sandgren

Prosjektleder for MED-Osterøy

E / ivar.sandgren@osteroy.kommune.no

M / 90 61 67 00

Mathew Stiller-Reeve

Eksternmedarbeidar for MED-Osterøy

T / 99 53 24 73

E / mathew@stillerreeve.no

MED
fondet

Finansiert av:



Vestland
fylkeskommune

